

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

INNSPEL TIL REGULERINGSMØTET 7. JUNI 2018 – BRISLING

Me viser til invitasjon, og sakslista, til reguleringsmøtet.

Pelagisk Forening meiner at brislingfisket bør regulerast slik at yngelfiske blir unngått. Brislingen er størst om hausten og vinteren. For å unngå yngelfiske bør fisket ikkje starta før tidlegast 1. september.

Pelagisk Forening meiner at fisket bør regulerast slik at det blir stimulert til størst mogeleg verdiskaping. Det er eit uttalt politisk mål å auka verdiskapinga i sjømatnæringa. Å fiska mest mogleg til konsum, er eit bidrag til dette.

Landindustrien har òg opplyst at dei har eit årsbehov for 4-5 000 t brisling til konsum, men at dei kan kjøpa konsumbrisling i utlandet dersom norske fartøy ikkje fiskar brisling av konsumkvalitet. Det er såleis marknad for konsumbrisling, og reguleringa bør stimulera til fiske til konsum.

Bergen: 23.5.18

Pelagisk Forening



Ask Økland
Advokat